

Heio klår denne veka

07.04.2010



Heio vil vera klår til bruk før denne veka er omme. Det lova leiar i fotballgruppa Jostein Hauso då han i ettermiddag hadde tromma saman til den første dugnaden i ein ny sesong. Rundt rekna 10 møtte til innsats og det frammettet var han godt nøgd med.

I det heile ser fotball-leiinga mot den nye sesongen med optimisme, for rekrutteringa er svært lovande.

Riva var den naturlege reiskapen under dugnaden, men det var også naudsynt å fiksa på friidretts-arenaene og reinske taket på garderobebygget. Men alt tyder på at vinteren har fare fint med 'hovudarenaen' i Uskedalen.

På billetet er rivegjengen klar til innsats, leia av Hauso, som står heilt til venstre.

(Foto: Ola Matti Mathisen)